



Stig Atle Eide
Orrestein 27
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4696 - 17/4009

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
16.02.2017

Førebels svar med krav om tilleggsdokumentasjon - gbnr 185/304 Isdal

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 28.11.2016. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Tiltaka må nabovarslast. Dersom naboar er kjend med tiltaka gjennom inngåtte erklæringar i saka er det ikkje naudsynt å varsle desse på nytt.
- Situasjonskartet må påførast avstandar til nabogrense. Dette gjeld avstand mellom grense mot veg og mur/rabatt mot nord, avstand mellom støttemur og eigedomsgrense mot gbnr 185/319 og avstand mellom tilbygg/terrasse mot sør og eigedomsgrense mot gbnr 185/319.
- Alle tiltak som er plassert nærare nabogrense enn 4 meter krev at det vert gitt samtykke frå nabo eller at det vert søkt om dispensasjon frå avstandsreglane i plan- og bygningslova § 29-4.

Delar av tiltaket ligg nærare nabogrense mot gbnr 185/319 enn 4 meter. Det ligg ikkje føre samtykke frå eigar av denne eigedomen. Dersom det vert søkt om dispensasjon frå avstandsreglane skal det gå fram av nabovarselet at tiltaket krev dispensasjon.

Vi gjer merksam på at søknad om ferdigattest ikkje kan sendast inn og takast til handsaming før omsøkte tiltak er tilstrekkeleg dokumentert og løyve er gitt.

Dersom du ønskjer eit møte i saka for å gå gjennom manglane ber vi om at du tar kontakt med underteikna snarast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.03.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.



Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Ta kontakt med sakshandsamar dersom du har spørsmål.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Stig Atle Eide

Orresteinen 27 5916

ISDALSTØ